



Notat

Dato: 08.05.2017
Arkivsak: 2016/9494-88
Saksbehandlar: maraskv

Til: Per Morten Ekerhovd

Frå: Ronny Skaar

Val av kommune og arena til UKM-festivalen i Hordaland 2018.

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune (HFK) har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland og avviklinga av UKM-festivalen i Hordaland kvart år. Vidare har HFK ansvaret for koordinering av UKM i samarbeid med kommunane og det nasjonale sekretariatet UKM Norge.

Frå hausten 2014 har oppgåva som fylkeskontakt i UKM Hordaland vore lagt til ein tilsett ved seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne personen fungerer som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, regionalt og lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og Ungdommens Ressursgruppe (URG).

Det har vore lagt ned eit større arbeid for å styrke og vidareutvikle UKM Hordaland. UKM-festivalen i Hordaland har utvikla seg til å bli ei stor pakke av opplevelingar, der summen av framsyningars, konserter, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjer ein heilskap, og eit minne for livet for ungdommane som deltek. Vår målsetjing er at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye venner.

Vi ser på arbeidet med UKM i Hordaland som ein felles oppgåve for fylkeskommunen og kommunane som arrangerer UKM. Kvar haust vert alle kommunekontaktane (lokalarrangørane) i UKM invitert til ei nettverkssamling for UKM i Hordaland i regi av seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne samlingen er eit godt høve for informasjonsutveksling og diskusjon, i tillegg til at alle kommunekontaktane til å kome med innspel om endringar eller nye idear. Representantar frå UA og URG er også invitert til desse samlingane for å fortele litt om kva dei gjer og kvifor det er viktig med ungdomsmedverknad i eit ungdomsarrangement.

Ungdomsmedverknad har vore ei særleg satsing i arbeidet om utviklinga av UKM Hordaland.

Fylkeskontakten har frå hausten 2014 hatt jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og ungdommens referansegruppe (URG). I møte med desse ungdommane fekk dei sjølv sette premissane på korleis fylkesmönstringa til UKM Hordaland skulle gå føre seg i 2015 og arbeidet med vidareutvikling av UKM-festivalen i Hordaland i 2016 og 2017. Deira innspel har vore grunnleggjande i arbeidet med utviklinga.

Heilt sidan starten av UKM Hordaland er det berre eitt år at fylkesmönstringa har vore arrangert utanfor Bergen. I 2013 vart fylkesmönstringa arrangert i Oseana i Os. Av omsyn til det regionale ansvaret vi har i UKM Hordaland, er det viktig at UKM-festivalen i Hordaland flytter på seg og at denne festivalen ikkje vert

sett på som eit «Bergen-arrangement». Seksjon for kunst- og kulturformidling har difor sett det som føremålstenleg at UKM-festivalen i Hordaland vert arrangert i andre kommunar i Hordaland og rår difor til at den i 2018 vert arrangert utanfor Bergen. Det er ei målsetjing at UKM-festivalen i Hordaland over tid vert arrangert innan alle regionane i Hordaland.

Fylkeskontakt har i møter med ungdomsgruppa spurt kva dei tenkjer om kor UKM-festivalen i Hordaland bør arrangerast i 2018 og ungdommane har vore veldig positive til at denne vert arrangert utanfor Bergen i 2018. Arbeidet med å sette på plass UKM-festivalen i Hordaland 2018 vil starte med ungdomsgruppa i august 2017.

Etter avviklinga av UKM-festivalen i Hordaland 2018 vil det vere aktuelt med ei vurdering på kor ofte fylkesfestivalen skal arrangerast utanfor Bergen.

Krav til arena

UKM-festivalen i Hordaland er ein stor produksjon der mange ulike kategoriar og sjangrar vert inkludert. Som møteplass er det viktig at heile produksjonen vert arrangert i same arena. Dette fører til at det er mange krav som vert stilt hos ein arena for å kunne arrangere fylkesfestivalen i denne;

- **Hovudscene:** Det må vere ei større scene tilgjengeleg som UKM-deltakarane innan kategoriene «Musikk», «Litteratur», «Teater», «Dans» og «Anna» kan vise sine innslag frå. Det er og behov for sitteplassar til eit større publikum i dette rommet.
- **Utstillingsrom:** Det må vere eit eiga rom der kunstutstillinga til UKM-deltakarar som deltek i kategori «Utstilling». Dette rommet må vere stort nok til å vise inntil 40 kunstverk og må vere skild frå rommet til hovudscena.
- **Filmframstilling:** Det må vere eit større lerret tilgjengeleg for å vise filmane til UKM-deltakarane som deltek i kategori «Film».
- **Teknikk:** Det må vere profesjonelle teknikarar til stade på arena. Under UKM-festivalen i Hordaland er det behov for ein ljudteknikar, ein ljosteknikar, to teknikarar bak scena (til rigging) og ein teknikar på scena. Teknikarane må inkludere UKM-deltakarar i kategori «Unge Arrangørar» i den tekniske gjennomføringa av arrangementet og vere villig til å dele arbeidsområdet sitt med desse ungdommane. Ungdomsmedverknad er ei føresetnad for UKM-festivalen i Hordaland.
- **Rom til workshops:** Det er behov for fleire rom der det vil vere mogleg å arrangere workshops for UKM-deltakarane. I kvart workshop-rom må det vere plass til workshop-ansvarlege (1-3 personar) og inntil 30 UKM – deltakarar.
- **Måltid:** Arena må ha plass til at fleire UKM-deltakarar, - reiseleiarar og andre i UKM Hordaland kan ete lunsj og middag. Det vil ikkje vere høve for at alle involverte (inntil 400 personar) må ete samtidig, men det er behov for at veldig mange kan ete i lag.
- **UKM Media:** Denne gruppa består av UKM-deltakarar frå kategori «Media». UKM Media produserer livestreaminga av UKM-festivalen i Hordaland og medieinnhald til www.ukm.no/hordaland. Til dette arbeidet er det behov for eit eiga rom på arenaen der denne gruppa kan arbeide i. Rommet må ha plass til inntil 30 UKM-deltakarar og ha god nettverkstilgang.

Ettersom det er «prinsipp for deltaking» under festivalen vil det i tillegg vere behov for at det er ein annan arena i nærleiken, t.d. ei vidaregåande skule, der UKM-deltakarar, reiseleiarar og Røde Kors-vaktar kan overnatte.

Val av kommune og arena 2018

Sist gong UKM-festivalen i Hordaland vart arrangert utanfor Bergen var i Os i 2013. Av omsyn til dette har det difor ikkje vore aktuelt å inkludere Os i diskusjon og vurdering av kor UKM-festivalen i Hordaland 2018 skal gå føre seg.

Fleire kommunar har vore oppe til diskusjon og vurdering for stader ein bør arrangere UKM-festivalen i Hordaland 2018. I vurderinga har ein sett på at kommunen må kunne tilby innhald og funksjonar på linje som eit regionsenter. At kommunen har eit regionsenter for sin kommune har difor vore vektlagt i denne samanheng. Som tidlegare nemnt er det større krav til arena for å kunne nytte denne til gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland.

Etter ei lengre og grundig vurdering vart det konkludert med at det er ønskjeleg at UKM-festivalen i Hordaland 2018 vert arrangert på Husnes i Kvinnherad. Som kommune er Kvinnherad ein del av Sunnhordland-regionen og grenser til Hardanger-regionen. Vidare er Husnes regionsenter for Kvinnherad.

Fylkeskontakten i UKM Hordaland har sidan 2014 besøkt alle UKM lokalmönstringane i Hordaland. I 2016 var fylkeskontakten tilstade på Kulturhuset Husnes og fekk sjå korleis heile huset vart nytta for å arrangere UKM lokalmönstringa i Kvinnherad.

Seksjon for kunst- og kulturformidling har vore i kontakt med kulturkontoret i administrasjonen i Kvinnherad kommune i tillegg til dagleg leiar i Kvinnherad kultursenter på Husnes.

Frå Kvinnherad kultursenter har seksjon for kunst- og kulturformidling motteke følgjande tilbod (29.05.17):

Hei

Her kjem forslag frå oss på pris for leige av Kvinnherad kultursenter helga 20-21. april.

Aktuelle rom er :

I Kulturskulesenteret:

Konsertsalen/Blackboxen, Kunstrommet, Musikkrommet, Dansesalen

I Kulturhuset:

Festsal (for måltidene), Kinosal og to møterom

I Ungdomssenteret:

Musikkrom (Bandrom, der scena er), og sjølve ungdomssenteret t.d. til aktivitetar laurdagskvelden

I Biblioteket:

Møterom og Galleri

*Vi tilbyr dette for **kr. 15. 000 dagen + mva.** (det er to dagar til saman om det er frå fredag ettermiddag til lunsj søndag?). Lyd- og lysanlegg i kinosal og ungdomssenter er inkludert, samt at ein representant frå senteret vil vere til stadar under heile arrangementet.*

Etter prislista så kostar 2 teknikarar til saman 1100 kr. i timen, inkludert sosiale utgifter.

Vi kan og tilby lunsj og middag. Prisane er som følgjer;

Bagettar med t.d. ost og skinke kr. 45,- per stykk. (lunsj)

Kyllinggryte med ris/salat kr. 130,- per person

Finnbiffgryta med ris/salat kr. 130,- per person

Betasuppe m/rundstykke og smør kr. 115,- per person (Kjempe god)

Andre rettar kan og vere aktuelle om det er ønskje om det. Vi kan sjølvskrift ordna gluten og laktose frie rettar og,

Brus kjem i tillegg. Vi kan ha tilgjengeleg kaffi/te og vatn heile tida om det er ønskjeleg

Med helsing

Ágúst Magnússon | Dagleg leiar Kvinnherad kultursenter

Total kostnad for arena (3 dagar) vil bli 45 000 kroner + mva. I tillegg er det ei kostnad for to teknikrar.

Total kostnad for denne vil avhenge av kor mange timer desse ressursane vil verte nytta under dei 3 dagane. Det er estimert at total kostnad for å nytte arena inkl. teknikk i 3 dagar vil vere under 100 000 kroner (ekskl. matservering).

UKM-festivalen i Hordaland 2018 vert arrangert i Kvinnherad kommune. Kvinnherad kultursenter på Husnes tilfredsstiller dei krava som vert stilt hos ein arena for å kunne gjennomføre arrangementet. Å arrangere UKM-festivalen i Hordaland i Kvinnherad meiner vi vil bidra til vidare utvikling og nytenking i arbeidet med UKM Hordaland. Arbeidet med å planlegge festivalen 2018 vil vi starte med ungdomsgruppa i august 2017.